



Knut Arild Maråk har full kontroll over etterpåmeldte like før starten av Geiranger Halvmaraton.



Ved Hotel Union er løparane framleis samla, men det ventar rundt to mil i motbakke att før toppen av Dalsnibba er nådd.



Ved drikkestasjonen nedanfor Villa Utsikten hjalp det endå til turistar til med å dele ut vatn, sportsdrikk og brus.



Arbeidskollegaene Johnny Repvik og Martin Espelund (øverst) hadde eit veddemål om å kome først i mål. Espelund, som jogga, vann.



Terje Drege Rusten, Geiranger, fullførte Nibberittet på rundt to timar, etter at han tidlegare på dagen var funksjonær, til liks med fleire andre i arrangør-idrettslaga.



Berre siste venstresvingen att av Nibberittet for trioen Roger Vangen, Tove Lersveen og Paul Ivar Pedersen (høgre) frå Stranda Sykkellubb.



Anita Håkenstad Evertsen vart suveren vinnar i dameklassa i Geiranger Halvmaraton, i år, som i to år før.

# Rekordmange f

Den nye deltakarrekorden på kraftprøvene i Geiranger «Frå fjord til fjell» lyder på heile 774 sprekingar, frå 11 nasjonar. Det vart også sett nye rekordar i sykkelturen Nibberittet.

Av Maria Nerhus

I sentrum av turistbygda er det frå tidleg morgon ivrige trimmarar som joggar, sykklar, varmar opp, sosialiserar seg, hentar startnummer, eller prøvar å finne parkeringsplass.

Nytt av i år var at arrangøren tok i bruk elektroniske brikker som kvar utøvar hadde festa til leggen. Knut Arild Maråk oppsummerte med at dette sparte ein god del arbeid for arrangørane Eidsdal IL og Geiranger IL, sjølv om det viste seg etter målgang at enkelte av tidene ikkje var heilt riktige.

## Deltakarar

388 syklistar deltok i Devold Nibberittet, 168 i Geiranger Halvmaraton, 146 i Geirangermarsjen og 72 i Miniton. Ny bestetid på sykkel er 1.03.39, som Alf Roger Holme, Eidsvoll, klarte. I dameklassa sette Hanne Trønnes, Ottadalen, ny bestetid med 1.20.36.

Ingen av løparane i halvmaraton klarte dei tidlegare bestetidene, men suverene Anita Håkenstad Evertsen, Øystre Slidre, fullførte på 1.43.25, over ti minutt framfor nummer to i dameklassa.

## Nye bestetider

Damevinnaren kunne ta med seg vandrepokalen med sin tredje strake siger, på like mange deltakingar. Til Sunnmøringen fortalde Håkenstad Evertsen at det ikkje blir lettare å løpe frå fjord til fjell i Geiranger sjølv om ho veit kva ho går til.

– Ein gruer seg til start kvar gong, fordi ein veit det blir jobbing heile vegen, sa ho, som omtala arrangementet i Geiranger som flott, og at ho kjem att neste år når halvmaraton har status som NM i motbakkeløp.

– Det var varmare i fjor, faktisk, hugs ho.

Vinnar i herreklassen, med ny bestetid, vart Jon Tvedt, Gular, som fullførte på tida 1.30.20.

## Mobilisere til neste år

Sjølv om det vart ny deltakarrekord på arrangementet i år, som gjekk av stabelen på ein søndag, fortalde Knut Arild Maråk at dei har sett av laurdag 13. juni neste år til neste kraftanstrengelse-arrangement.

– Eg trur vi ventar med å starte påmelding til over sommaren, sa han.



72 deltakarar i Miniton, 4,1 kilometer til Flydalsjuvet har nett starta frå sentrum av C



# Frå fjord til fjell



Geiranger.



Dei tre kraftverka i Sunnlyvnen som ombefattar Langedalsvassdraget er påklaga. Sæterelva fekk ikkje innvilga konsesjon, medan Littlebø og Ringdal fekk godkjenning av NVE. (Kjelde: NVE Atlas)

## Opprettheld kraftavslag

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) avlo søknaden om utbygging av Sæterelva kraftverk, og har oversendt avlagsklagen frå Sæterelva Grunneigarlag til Olje- og energidepartementet (OED).

Av Maria Nerhus

Seint i fjor mottok Sæterelva Grunneigarlag avslaget frå NVE om å få bygge kraftverk, med fallhøgde på 375 meter, i Sæterelva i Langedalsvassdraget i Sunnlyvnen.

I oversendinga av klagen på avslaget kommenterer NVE at dei ikkje ser nye moment av vesentleg betydning frå det tidlegare vedtaket, og at det er OED som skal ta endeleg avgjerd.

Grunneigarane i Sæterelva, Lovise Hansen, Randi Sæter og Annfrid Sæther, gav Asle Ringdal mandat til å signere avtalar.

NVE grunnvav avslaget med at utbygginga ville føre til kraftig redusert vassføring i Sæterelva, som er eit sentralt blikkfang i Nebbedalen, innfallsporten til Norangsdalen. Direktoratet opprettheld argumentet med at fordelane ved kraftutbygginga, som er berekna til 7,9 GWh, og lokal verdiskaping ikkje vil overstige ulempene for biologisk mangfald,

kulturlandskap og kulturminner frå nyare tid.

### Poengeter vurdering

Grunneigarlaget har fått støtte i anken sin frå Villa Norangdal, som ser for seg å kunne vise gjestar korleis miljøvenleg og fornybar energi blir produsert. I tillegg trur dei at turstien vil bli lettare tilgjengeleg etter at anleggsspora vil bli skjulte.

I NVE si vurdering av klagen orienterer dei om at Stranda Energiverk og Istad Nett har uttala at det ikkje er ledig kapasitet i 22kV-nettet for å motta produksjonen frå Sæterelva kraftverk.

«NVE mener det er naturlig å betrakte Langedalsvassdraget som en geografisk enhet hvor tidsmessig sammenfallende søknader om utbygginger bør ses i sammenheng», grunnjev NVE, og viser til at kraftverka Littlebø og Ringdal, som fekk innvilga konsesjon på same tid som Sæterelva fekk avslag, også er påklaga.

I følgje seniorrådgjevar Erik Roland i NVE har Naturvernforbundet og Norsk Ornitologisk Forening i Møre og Romsdal klaga inn konsesjonane for desse to kraftverka.

«Vi oversender derfor sakane samlet til OED for endelig avgjerdelse», skriv avdelingsdirektør Rune Flatby og seksjonssjef Øystein Grundt i NVE.

## Kraftsøknader ut på høyring

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har no to kraftkonsesjonssøknader i Strandadalen ute på høyring.

Av Maria Nerhus

Stranda Energiverk har på vegner av grunneigarar i Rødsetelva søkt om konsesjon til Rødset Kraftverk, som skal kunne produsere 7,6 GWh årleg.

Embla Kraftverk, som i følgje søknaden kan produsere 18,9 GWh per år, i Emdalselva, har i følgje konsesjonssøknaden ein utbyggingskostnad berekna til 37 millionar kroner. Ståle Fjørstad er kontaktpersonen til ni av dei ti grunneigarane bak Embla Kraft. Høyringsfristen på begge desse planlagde utbyggingane er sett til 1. september. Sakshandsamar Erik Roland i NVE seier at eit vedtak i desse to sakene vil bli gjort i løpet av 2009.